



Dei under 18 får den beste plassen rett framfor scena – men sjølvsagt utan alkoholserving. Dette biletet vart teke under Festidalen i 2005.

**Arrangørane av Festidalen kjem med det ein kan kalla eit pionertiltak: På fredagen er det 16 års aldersgrense. Då opnar dei festivalen også for ungdom som er under 18 år og som er født før 1. januar 1992.**

Dei får eit eige område til disposisjon rett framfor scena, men det er sjølvsagt ikkje alkoholskjenking der.

Dei som er over 18 kan kjøpa øl og vin i eit anna område.

Skjenkinga under Festidalen skal finna stad frå klokka 12.00 til 01.00 både fredag og laurdag, men under familiearrangementet på laurdag mellom kl. 11.00 og 14.30 er det naturleg nok ikkje skjenking.

Laurdag er det 18-årsgrense.

Dei som er over 18 og som har lov til å kjøpa øl får også lov til å gå inn på området som dei yngre har til disposisjon, men då utan å bringa alkohol med seg.

- Dette er den beste plassen på heile festivalområdet, seier Sveiung Mæland Pile i festival-leiinga til uskedalen.no.

Leiinga har grubla mykje på korleis dei skulle gjennomføra dette tiltaket reint praktisk og dei har til slutt kome fram til denne løysinga i tett dialog med kommunen og politiet. Eit springande punkt var om dei to gruppene skulle skiljast eller gå saman.

- Utan ei løysing i samarbeid med kommunen og politiet ville vi ikkje gjennomført eit tilbod også for dei under 18, seier Pile.

Han strekar under at kontrollen kjem til å vera svært streng. Null-toleranse blir praktisert og hvis nokon er rusa, vil dei konsekvent bli vist bort frå området.

Festivalleiinga oppmodar foreldra om å gå saman med dei unge. Dette er eit prøveprosjekt som foreldre og ungdommar sjølve må hjelpa til med. Blir det ikkje vellukka, vil det ikkje bli gjenteke.

- Dette er eit eksperiment, seier Pile.

Av Ola Matti Mathisen